



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Pål Atle Solheimsnes
Helleveien 209
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2420 - 14/10585

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
01.10.2014

Konsesjon- gbnr 165/22 Baløy - Pål Atle Solheimsnes - Austrheim kommune

Saksutgreiing:

Pål Atle Solheimsnes søker konsesjon for gnr/bnr 165/22 i Austrheim kommune. Eigedomen er ein holme i Rongevær kalla Hestholmen. Hestholmen vart utskilt frå hovudbruket gnr/bnr 165/4 i 1969, og Hestholmen fekk eige gnr/bnr 165/22. Storleik 6500 kvm. Avtala kjøpesum for holmen er 80 000 kr. Holmen ligg som LNF-område i kommuneplanen. Det er lagt føringar for rettar og plikter knytta til bruken av holmen i kommuneplanen.

Søknad om konsesjon skal handsamast etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom, LOV 2003-11-28 nr 98.

Hestholmen er ein ubebygd eigedom over 2 daa og difor lyt ny eigar søkje konsesjon ved overtaking av eigedommen. I konsesjonsvurderinga skal den avtala prisen ikkje vurderast. Det skal heller ikkje vurderast om føremålet til ervervar vil ivaretake omsynet til busetjing i området. Det skal heller ikkje vurderast om ervervet er ei driftsmessig god løysing.

Om ervervar er skikka til å drive eigedomen
Rådmannen har ikkje informasjon som skulle tilseie noko anna enn at søkjar er skikka til å drive eigedommen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Om ervervet ivaretar omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet
Søklar oppgir i søknaden om konsesjon at planen er å ha 2-3 geiter eller villsau på sikt på holmen. Konsesjon kan gjevast etter dette punktet.

Vedtak:

Med heimel i konsesjonslova §9 gjev Radøy kommune søkjar Pål Atle Solheimsnes konsesjon for kjøp av Hestholmen gnr/bnr 165/22 i Austrheim kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy.

Med helsing

Jarle Landås
rådmann

Toril Marie Mullen
leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Pål Atle Solheimsnes

Helleveien 209

5039

BERGEN